

Erklæring om rett i fast eiendom ¹

| | |
|--|------------------------------|
| Innsendar sitt namn (rekvirent): Meland kommune | Plass for tinglysingsstempel |
| Adresse: Postboks 79 | |
| Postnummer: Poststad: 5906 Frekhaug | |
| Fødselsnr./Org.nr. Ref.nr. 951549770 | |

| 1. Heimelshavar (til eiendomen som retten skal hefte på) | |
|--|----------------------------------|
| Namn HKH BYGG OG EIENDOM AS | Fødselsnr./org.nr. (11/9 siffer) |

| 2. Eigedom (der retten skal hefte) ³ | | | | | |
|---|-------------|------|------|------|------|
| Kommunenr. | Kommunenamn | Gnr. | Bnr. | Fnr. | Snr. |
| 1256 | Meland | 22 | 252 | | |

| 3. Rettshavar – fyll ut anten alternativ A eller B | | | | | | |
|--|--|----------------------------------|------|------|------|------|
| A | Rett for fast eiendom (reell servitutt) ⁴ | | | | | |
| | Kommunenr. | Kommunenamn | Gnr. | Bnr. | Fnr. | Snr. |
| | 1256 | Meland | 22 | 26 | | |
| | 1256 | Meland | 22 | 53 | | |
| B | Rett for person (personleg servitutt/pengehefte) | | | | | |
| | Namn | Fødselsnr./Org.nr. (11/9 siffer) | | | | |

| | |
|------------------|---|
| Dato 13/10-15 | Heimelshavar si underskrift ⁵ Knut Henningsen |
|------------------|---|

4. Skildring av kva retten går ut på⁶

Vegrett over 22/252 i samsvar med vedlagt kart.

Vedlegg: Kart/skisse som viser tenande eigedom og retten teikna inn
(OBS! Viktig dersom retten er knytt til ein fysisk del av eigedomen)

Ja Nei

5. Andre avtaler (som ikkje skal tinglysast)⁷

6. Underskrifter

Stad og dato


Frøkkheim 13/10-15

Heimelshavar si underskrift⁸

Knut Henanger Holm

Notar:

- 1) Dette skjemaet kan brukast for tinglysing av rettar i fast eigedom, som til dømes vegrett, jaktrett, burett, forkjøpsrett og liknande. Kva rettar som kan tinglysast vert regulert av tinglysingslova § 12. Skjemaet må fyllast ut i to eksemplar og sendast til følgjande adresse: **Statens kartverk Tinglysingen, 3507 Hønefoss**. Det eine eksemplaret vert arkivert hjå Statens kartverk, medan det andre eksemplaret vert returnert til innsendar (rekvirent) påført tinglysingsattest.
- 2) Rekvirenten er den som sender inn dokumentet for tinglysing. Denne vil få det ferdig tinglyste dokumentet tilbake, og faktura for tinglysingsgebyret.
- 3) Eigedomen der retten ligg.
- 4) Retten vil følgje eigedomen uavhengig av kven som er eller vert eigar av denne, jf. avhendingslova § 3-4 andre ledd bokstav d.
- 5) Formålet med denne underskrifta er å sikre at heimelshavaren har sett begge sider av dokumentet.
- 6) Retten må skildrast nøyaktig i tekstleg form, jf. tinglysingslova § 8, jf. forskrift om tinglysing § 4 (klarhet og form). Dersom retten er knytt til ein fysisk del av ein fast eigedom skal han stadfestast, og han bør teiknast inn på kart eller skisse over eigedomen.
- 7) Det er ikkje nødvendig å fylla ut dette feltet.
- 8) Den som signerer må ha grunnboksheimel til eigedomen der retten ligg. Dersom det er fleire som har heimel til eigedomen, må alle skriva under, eller det må leggjast ved fullmakt frå den eller dei som ikkje underskriv



| | |
|--|--|
| | Kartvedlegg vegrett for 22/26 og 22/53 over 22/252 |
| | 06.10.2015 |
| | Målestokk 1:500 |
| | Meland kommune |

Oppsummering og fråsegn frå landmålar

Landmålar vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • etablering/sletting av rettar • matrikulering • utsending av matrikkelbrev • klagerett og fristar

Meland kommune har 11.09.2015 godkjent arealoverføring frå gnr 22 bnr 53 til bnr 95, samt deling av bnr 95, administrativt vedtak Saknr: 326/2015.

Oppmålingsforretning vart halde 06.10.2015. Ved forretninga møtte Knut Henanger for gnr 22 bnr 52, 53 og 95. Aslaug Haugland møtte for gnr 22 bnr 26. I tillegg til dei fram møtte var også eigar av 22/13 og 22/29 varsla, men møtte ikkje.

Arealoverføringa frå 22/53 til 22/95 vert gjort for at grenselina mellom dei nye tomannsbustadene skal gå i skilje mellom dei to husværa. Innmålingsdata for delelina er levert av Vest Oppmåling AS, og kommunen har lagt desse målingane til grunn for merking av denne delelina.

Etter ønske frå Aslaug Henanger vart det sett ned eit nytt grensemerke på muren, grensepunkt 2226-2, som synte skilje mellom 22/26 og 22/53.

Den nye delelina mellom 22/53 og 22/95 startar i umerka grensepunkt 2253-3A og går i søraustleg retning 0.81m til nytt grensemerke i fjell, grensepunkt 2253-3. Vidare i same retning 30,38m til nytt grensemerke i mur, grensepunkt 2253-4 og vidare i same retning 1,78m til umerka grensepunkt 2253-4A. Grenselina går gjennom skiljeveggen mellom de to husværa.

Knut Henanger ønskte at den nordvestre grenselina til 22/95 vart justert, ved at 22/52 får overført "trekant" 22951, 22029_95, 2295-3. Arealet er utrekna til 28,6 m² og utgjør 3,8 % av arealet til 22/95 før arealoverføring og deling. Verdien av det justerte arealet ligg også langt under grunnbeløpet i folketrygda (1G) som er verdigrense for å gjennomføra saka som grensejustering. Kommunen legg til grunn ein m²-pris på kr 100, verdien av det justerte arealet vert då kr 2860.

Når arealoverføringa er tinglyst, skal 22/95 delast. Den delen som tomannsbustaden står på, får tildelt nytt bruksnummer medan restarealet ligg att som vegareal fram til 22/52. Frådelt parsell frå 22/95 vil få tildelt gnr 22 bnr 252. Arealet er oppmålt til 725 m².

Før kommunen kan matrikkelføra arealoverføringa må eigar av 22/53 ordna med pantefråfall.

Før kommunen kan matrikkelføra grensejusteringa mellom 22/95 og 22/52 må eigarane godkjenna justeringa med underskrift på protokollen.

Når kommunen får tilbake melding frå tinglysinga om at arealoverføringa er tinglyst, kan vi gjennomføra delinga av 22/95. Gnr 22 bnr 26 og bnr 53 må sikrast tinglyst vegrett over den nye parsellen.

Grensemålingane er utført med Topcon Hiper GNSS og tilfredsstiller krava til nøyaktighet som er sett i eigedomsstandard.

I samsvar med matrikkellova §46 kan det klagast på utføringa av forretninga. Klagefristen er tre veker.

Eigar av 22/52, 53 og 95 godkjenner med dette arealoverføringa og grensejusteringa som skildra ovafor:

Knut Henanger *Aslaug Haugland*

Eigarar av 22/52, 22/53, 22/95

Sted

Frekhaug

Dato

06.10.2015

Underskrift

Talder

